

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 10

Desember 1971

7. årgang

Fred på jorda, fred i hjarta

Fred på jorda er den store bodskapen englane kom med den første julenatta. Men aldri har vel freden på jorda vore mindre og lenger unna, å sjå til, enn nett i vår tid. Snart to tusen år etter at englane kom med bodel om fred. Det er ufred og strid over alt, kvar du kjem i verda. Strid mellom raser, nasjoner og folkeslag. Strid mellom samfunnsklassar, generasjonar, mellom ymse politiske syn, og mellom ulike livssyn og religionar. Ja strid like inn i heimane mellom foreldre og born, mellom bror og syster — ja, mellom mor og far. Over alt et ufreden seg inn, og rett som det er bryt uroa ut i eksplosjonar av hat, blod og nød. Med voldsom fart tykkjест me å nerma oss den tida då freden for ålvor blir teken bort frå jorda.

Men kva så med lovnaden om fred?

Det spør mange om i dag, og mange er dei som spottar Bibelens ord om fred på jorda. Mange lid og lengtar etter fred, for ufreden skaper store lidingar og mykje sorg og nød. Har me noko svar, og kan me finna noko løysing på dette problemet? Ja, Gud vere lov, me har svaret. Det er å finna i *Ordet*, for alle som vil hoyra og be om den Heilage Ande sitt lys over Ordet.

Vår største nød er at me som menneske ved syndefallet er komne i strid med skaparen vår, den livande Gud. Gjennom dei første menneske sit fall, kom me alle inn un-

der Guds vreide og dom for tid og æva. Denne Guds vreide og dom ytrar seg slik at Gud let synda bera si frukt hjå oss, delvis her i tida, og sidan heilt ut i all æva. På vår sida har me fått i arv ei natur som hatar Gud og Guds veg, og berre elskar synda, alt vårt eige og vår eigen veg (1. Johs. 3, 19 og Rom. 8, 17). Som naturlege menneske er me blinde og døde for Gud og hans rike. Det er grunnen til at synda ber slike forferdelege frukter i verda som me ser a tho gjer. Ho spreider si forferdelege makt i og med at ho får rå i det einskilde menneskehjarta.

Men trass i alt dette er bodskapen om fred ein røyndom! Freden som englane song om er ein person, eit barn som er oss født, sendt og gitt til menneskeslekta av Gud. Jesus Kristus, Gud og menneske i ein person, er frelsa og freden som kom til jorda. Efeserne 2. kap. fortel om Jesus at han gjorde fred, så han er vår fred, og at han forkynner fred for alle menneske. Som vår stedfortredar og forsonar vann han oss fred ved sitt blod, fred med Gud og tilgjenge til Faderen og barnekåret. Han oppfyllte alt det som lova krev av oss, og han tok all vår straff og forbanning på seg, så me skulle gå fri. På denne måten opna han ved sitt liv og sin død vegen for alle syndarar inn til venskap og barnekár hjå Gud. I han er heile slekta forlikt med Gud! (2. Kor. 5, 19). Gud har gått inn på eit fullkomme forlik med heile ætta i vår

stedfortredar. Derfor treng ingen lenger å vera under Guds vreide, for Kristus har kjøpt oss fri. Heller ikkje treng nokon å vera utanfor Guds rike, for Kristus har opna oss veg inn ved å vinna oss ei fullkommen rettferd for Gud. Ingen treng lenger å gå fredlaus i syna sine lekkjer, for Kristus har sigra over synda og Satan, og gir sine ein Guds fred som overgår all forstand. Den varar oss frå fienden sine áatak, og bevarar våre hjarto og tankar i Kristus Jesus.

Også menneske imellom gjorde Kristus fred, slik at jøde og heidning, ven og fiende kan smelta saman i ei ånd og ein kjærleikens brorskap! Først stykkevis her på jorda, og sida på fullkommen vis i den nye himmel og på den nye jorda.

Kva er årsaka til at me ser så lite til denne freden på jorda i dag?

Slik spør dei fleste, og dei synest dei har rett båre til å tvila og til å spotta. Men Guds ord gir svar, som ein dag skal stilla all tvil og spott. Men Gud gi at du må få svaret openberra nå i nådetida før det blir forseint!

Årsaka finn me i at frelsa og freden Jesus vann for alle, den får Gud berre gi til den som trur. Berre ved ei levande tru på Jesus, får Gud leggje sin fred, sitt liv og sin siger ned i hjarta til den einskilde syndar (Rom. 5, 1 - fg. og 3, 22). Derfor sa også Jesus at «Guds rike er inne i dykk». Berre der den Heilage Ande får stansa syndaren for *Ordet*, så han ser sin fortapte stilling (Rom. 3, 19), og får sitt hjarta vendt mot Jesus som den einaste frelse, von og trøst (Johs. 3, 14), får Gud komma til med sitt frelsande og nyskapande evangelium så alt blir nytt. Der får syndaren smaka og eiga fredssamfunnet med Jesus, og Guds fred som overgår alt vit. Berre der får Gud skapa *eit nytt sinn* som hatar det gamle menneske sin eigenkjærleik, som er eitt med alle som lever i trua på Jesus, som ser at kvart menneske ein møter — ven eller fiende — er Guds skapte og gjenløyste ei-

gedom som framom alt treng om vår forbønn og hjelp for å bli frelst. Slik er Guds rike her i verda også i vår tid, sjølv om det ser smått og ufullkome ut for det naturlege menneske sitt auga. Men verda ser det ikkje, og mange vil ikkje sjå det, og derfor går dei mot ei evig fortaping til tross for det Jesus har gjort for dei. Ser du dette?

Ennå er det von for dei som høyrer!

Ennå blir evangeliet forkjent om Jesus, og ennå er det frelse å få, ufortent og av nåde, ved den utsloysinga som er ferdig i Jesus Kristus. Du kan få koma til Jesus nett slik som du er, utan å kunna skaffa den rettferd som du må ha, så syndig og urettferdig du er, utan den anger, erkjennelse og syndenød som du synest du burde ha, utan det alvor og den tru som du gjerne ville ha men ikkje har. «Kom som du er til din frelser, smittet av vantroens dynn», og du får alt av nåde, for Jesus skuld som har betalt alt! Der finn du fred! Då finn du mening med livet, endå midt i ei slik verd som me lever i idag.

Høyre, og sjela di skal leva.

Gudmund Hjorthaug.

Den første kjærleik

Grunnen for den første kjærlighet finner vi i 1. Johs. 4, 19: «Vi elsker fordi han elsket oss først.»

Vi har et annet ord som taler om en annen tilstand: Johs. p. 2, 4: «Men jeg har imot dig at du har forlatt din første kjærlighet». Stans et øyeblink her og tenk over hvilket ord som er aktuelt for deg idag.

Det er alvorlig at det finnes såkalte kristne mennesker idag som ikke har opplevd den første kjærlighet, andre har opplevd den, — og kanskje forlatt den. Spørsmålet blir om den første kjærlighet er noe overgående, eller

Bladet Lov og Evangelium

Utgjevarpoststad : 5400 Stord

Red. Amund Lid, tlf. 75. Norheimsund

Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, Stord

Postgiro : 42887, Stord

Bladet blir sendt gratis til alle som sender øksp. namn og adr. Blir halde opp med friviljuge gaver

*Norsk Lutherisk Lekmannsmisjon :*Formann : Olev A. Dahl,
boks 95, 5401 Stord. Tlf. 69Kass. Sverre Bøhn, Norheimsund
postgiro nr. 68213Bankgiro : Vikøy Sparebank,
Norheimsund 3530.07.09492

S. Botnens Boktrykkeri, 5401 Stord

går det an å leve i den ?

Johs. ev. 15, 9 : «Likesom Faderen har elsket mig, så har jeg elsket eder; I er grenene; den som blir i mig, og jeg i ham, han bærer megen frukt; foruten mig kan I intet gjøre.»

Den første kjærlighet har samband med Jesus Kristus; å være i Ham, og å bli i Ham. En levende gren må ha kontakt med stammen. Den har ikke LIVET I SEG SELV, men liv bare så lenge den er i stammen. I vår tid lever mange «kristne» mennesker uten kontakt med Jesus Kristus. Hvordan kan det gå an? Svar : Det går ikke an. « — foruten mig kan I intet gjøre.» Årsaken til dette synes ofte å ligge i en sviktende bruk av Guds Ord : Kol. 3, 16 : «La Kristi Ord bo rikelig hos dere - - » Når det gjelder dette, er det mye i det som er sagt ang. bruken av Guds ord. Dess mindre en bruker det, dess mindre behov og dess mere en bruker det, dess større blir behovet.

Martha hadde så mye hun skulle gjøre for Jesus, og det finnes mange Martha idag. -

Tenk om du hadde så mye tid at Jesus kunne få tale med deg. Han vil det — med hver enkelt — i sitt Ord.

For den som vil være en levende kristen — en gren som ber frukt er det ikke nok med møter, andakter etc., Guds Ord må få rikelig plass som fører til overflod, for at hjertet skal bli så fullt av det at det flyter over. 2. Kor. 55, 14 : «Kristi kjærlighet tvinger oss». Det var et ønske at det måtte bli slik. Vår kjærlighet svikter ofte og naturlig, men Kristi kjærlighet holder, og det er Hans kjærlighet vi behöver. Ikke for å vise frem, men for å få nöd og omsorg for vår egen og andres tilstand inn for evigheten.

Hvordan skal vi kunne være rede når Jesus kommer om vi savner disse ting og enda lever i trygghet og tror alt er bra ?

Magne Smith.

Julehelsing 1971

At det skulle bli født ein Frelsar, var lova og gjort kjent i den gamle pakt mange gonger. Fyrste gongen alt på fallets fyrste dag. Adam og Eva hadde løynd seg, då dei merkte at Gud var nær. Så ropa Gud etter Adam det merkelige spørsmål : Adam kvar er du? Og Gud som visste om dei to og at dei hadde falt i synd, Han kunne ikkje la sola gå ned over dei før Han hadde fått kunngjort desse merkelige orda om Frelsaren : Kvinna si ætt skal knusa slangen sitt hove ! Og det blei rett oppfatta som eit løfte om Frelsaren. Så når Eva fekk sin fyrste son, undra ho seg på om det var fretsaren : Ein mann hev eg fenge av Herren ! (Det var då elles i Israel set på som ei skam ikkje å få barn, serlig søner; for fekk dei ikkje det var det klart at Frelsaren kom ikkje i deira slekt) 1. Mos. 4, 1b (Sjå elles Luk. 1, 24 og 1. Sam. 1, 8—16).

I løftet til Abraham om Guds signing over ætta hans, er det klart at det var slik, fordi løftet om Frelsaren var idet.» I deg skal

alle ætter på jorda velsignast.» Det var i Abraham si ætt at det skulle henda. Det løftet galt Kristus. (Gal. 3, 16).

Og slik med David. Det løftet tolka dei rett i Israel, endå til farisæarane. Då Jesus spurde dei: Seg, meg, Messias kven sin son er Han? Då svara dei som rett var: Davids. Men dei kunne ikkje svara på det åndelige: Korleis kunne David då kalla Han Herre? (Mat. 22, 43, sjå og Salme 89, 4 fg. i 132; Es. 55, 3, Jes. 23, 5 og Rom. 1, 3).

Etter sin menneskelege natur var Jesus son av David, son av Abraham og son av Adam; men frå æva var Han også Guds sonen, den einaste øvige og gudommelege, den einborne. Alle som elles er Guds søner, Guds barn, er det ved denne einborne Sonen og trua på Han. (Rom. 1, 4 og Joh. 1, 12).

Det gjekk mange hundra år før løftet om Messias, Frelsaren blei oppfyllt. Kvifor så lenge? Lite veit me om dette utan at i rett tid, «i tidens fylde», sende Gud Sonen sin, født av ei kvinne, født under lova for å oppfylla lova for oss. Det var nok den rette tida både politisk, sosialt og åndelig. Mange profetar og kongar i Israel hadde yngst å få sjå ein av Menneskesonen sine dagar, men dei døydde utan å sjå det. Sæle vart dei åleine fordi dei trudde ordet, løftet om ein Frelsar. (Gal. 4, 4-5, Luk. 10, 24 og Hebr. 11, 39-40).

Men ein dag lydde det frå englemunn: «I dag er det født dykk ein Frelsar, i Davids by. Han er Kristus (Messias), Herren» (Luk. 2, 11). No var løftet blitt eit historisk faktum. Født i Bethlehem av jomfru Maria. Heilt rett etter skriftene! Det var nokre fatige sauegjætarar som fyrt fekk høyra denne julehel-singa frå himmelen!

Det var godt at dei sa til kvarandre, då redsla av englesnet hadde gitt seg; Kom la oss fara heilt til Betlehem og sjå dette som har hendt. Elles ville nok endå fleire teologar ha trudt at det var nok ein hallunisasjon, det med englane. Og så går hyrdane då og

finn syn for segn.

Sikkert kom det vel med for trua på Frelsaren også for Josef og Maria, at desse hyrdingane kom og vitna om det dei hadde sett og hørt. Også Maria kom i tvil om dette barnet verkeleg, kunne vera den ævelege kongen Messias dei hadde fått, dei som var så fattige. Det gjorde godt å få vitjing av hyrdane og høyra om englesangen: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda, og hugnad med menneske!» Maria, serlig, gøynde alle desse orda i hjarta sitt. Ho hadde bruk for det sjølv og, og av henne og Lukas har me også fått høyra den julehelsinga. Men lett åtru, var det nok ikkje alltid for Maria heller: «Født i Betlehem, — av ei ung møy, — av Davids ætt. Ja, det stemmer nok. Men eg, så ringe og syndig som eg nå kjenner meg, at eg kan vera mor til Frelsaren?» Det som også gav henne ny kveik i trua var orda ho gøynde i hjarta, både dei som stemde med Skriftene om Messias fødsel, og det ho sjølv hadde hørt, at «for Gud er ingenting umulig», og «du skal kalla Hans namn JESUS, for Han skal frelsa folket sitt frå syndene deira», dei og liknande ord om Frelsaren var det som gav nytt liv; ja best var det helst når ho kunne gløyma at ho var mor til Jesus. Så vart då også Maria frelst av nåde åleine ved tru. Og det var ei tru på synde-burt-takaren, Jesus Kristus! Han som ved sitt offer på Golgata tok burt synda frå Guds åsyn!

Ved korsets fot var det nok at lyset gjekk opp klart også for Maria. No hadde sverdet trengt gjennom hjarta: Alt håp om noko stort på denne jorda, fordi ho var Jesu mor, var no heilt sløkt. Ho såg nok også at ho ofte hadde synda stygt mot Gud ved ikkje åtru på Sonen som ho burde. Så kom ho då som ein fortapt syndar, skuldig til evig helvete, og trudde på Jesu namn! (Joh. 1, 12).

Stort var det å ha Gud, Immanuel, i heimen sin. Det er sant og visst. Slektningane hadde velsigning av det. Slik serlig med Johan-

nes, som hadde Frelsaren i heimen sin før han var født, og leika nok ofte i lag med Jesus. Det avgjorde kallet hans seinare i livet. Tenk for ein nåde det er at barna i ein heim får vera med i andakten, og på skulen får læra Bibelsoga !

Ein dag i Budu Estate II måtte eg seia til barna der at det var fleire ting med Gud eg ikkje kunne skyna. Dette t.d. at eg heilt frå barndomen fekk vera med på bøne- og andakt-stunder i heimen, høyrd om Jesus på skulen, og kom med i ein levande kristen forsamling. Og du her er født i ein heim der ingen ber eller talar om Jesus. Eg blei født i lyset, og du i mørket, kan eg seia. Gud er rettferdig ! Kvifor denne skilnad?

Eg har ikkje fortent meir av Gud eg enn du har. Bibelen seier at Hans vegar er uskynlege. At Gud er rettvis også i dette, det er og sant. Men eg kan ikkje skyna det.

No får du høyra om Jesus verda sin einaste Frelsar. No er tida for deg å ta imot velsigninga ! Og så kan du også bli evig frelst !

Ein av tilhøyrarane, ein indergut, som frå først av var ein av dei verste til å forstyrra, er no ein av dei beste til å høyra etter, og no ein dag spurte han om eg visste om eit godt Bibel-korrespondanse-kurs. No har han fått det som O. M. F. (Overseas Missionary Fellowship, tidl. China Inland Mission) har i K. L. Han er i 15—16 års alderen. Be for han.

Dette får då vera mi julehelsing dette året. Eller kan eg då berre nemna at helsa har eg, og arbeid og arbeidshug.

Og de vil framleides hugsa på meg i bøn, takk for det ! Signerik jul !

Helsing dykkar utsending

Andr. A. Bø.

Hva er kristendom ?

Av Øyvind Andersen

Kanskje noen av dere som har fulgt med synes at det har vært noe teoretisk over disse timene hittil. Det underer meg ikke, fordi det er et vanskelig stoff. Men jeg kan trøste deg med at snart kommer vi inn på mere praktiske synspunkter, og slike som du har mere bruk for rent personlig kristelig.

La oss nå samle oss igjen i bønn : Vi takker deg himmelske Far, i Jesus Kristus, fordi du har åpenbart deg til frelse for oss mennesker, fordi du vil at vi skal tro på deg. Og nå ber jeg om din Hellige Ånd, at ditt ord kan bli det som du har sendt det til for oss. Og så ber jeg om din signing over denne leksjonen. Amen.

Vi talte om at vi bare kan kjenne Gud fordi han har åpenbart seg. Og i Guds åpen-

baring i ordet dreier det seg serlig om tre kjensgjerninger, pekte vi på. Den første er at Gud er en og er Gud alene. Den andre at denne ene, eneste Gud eksisterer som tre personer : Faderen, Sønnen og Den hellige Ånd. Den tredje kjensgjerning, som vi sluttet med å peke på forrige gang, er at Gud åpenbarer seg i en vesens fylde, det som vi kaller Guds egenskaper. Vi sluttet med å peke på, og der begynner vi idag, at disse egenskaper er ikke sider ved Gud. Man kjenner ikke Gud snart fra en side, for eksempel han er vred, snart fra en annen side han er kjærlig, snart fra en tredje side han er almektig osv. Det er vi mennesker som har sider. Det kommer av at vi er ufullkomne og syndige. Gud har ingen sider. Og i virkeligheten er

det å ringeakte og nedsette Gud å tale om sider ved ham. De fleste mennesker som gjør det mener jo på ingen måte å tale nedsettende om Gud, det blir sagt i tankeløshet og fordi man ikke har tenkt igjennem det etter Guds ord.

Det vi kaller egenskaper er åpenbarings glimt. I hvert eneste glim tmøter vi Gud helt personlig. Den som står ansigt til ansikt med Gud og møter hans helligitet, han møter en kjærlig, almeiktig og alt som elles kan sies om Gud. Den som møter Guds frelsende kjærlighet, har nmrøter en heilig kjærlighet, en allmektig, en allvitende, alle steds nærværende og hva man elles kan si om Gud.

Når vi skal tale litt nærmere om disse åpenbaringsglimt har man pleiet å gruppere dem i forskjellige. Det er noe som man kaller Guds transkendentale egenskaper. Med det mener man egenskaper som går ut over vår erkjennelsesmulighet. Transkendent betyr egentlig det som undrar seg, er hinsides vår mulighet for å følle med, for å si det kort. Dette kan vi best uttale med negative ord : udøelig, uranskaklig, uforståelig. Du hører vi omtaler Gud i hans *forskjell* fra oss. Det ikke noe menneske som vet hva udødelighet er ennå. Vi skal komme til å oppleve det så sant vi tror på Jesus. Vi vet ikke hva hellighet er, vi vet ikke hva den fullkomne salighet er, men alt dette blir sagt om Gud. Og her skal du merke deg noe som er viktig : Gud er fullkommen harmoni, i ham er det ingen tvang, ingen motsetning, i ham er det intet må. Gud gjør ingen ting fordi han må det, alt er av fri vilje, alt er fullkommen, alt er harmonisk.

Det er meget viktig for å forstå frelsen. Da Gud sendte sin egen sønn for å frelse oss var det aldeles ikke fordi han *måtte* det, nei, han gjorde det fordi han elsket, han gjorde det av egen fri vilje. Det legger skriften meget stor vekt på å få frem at Gud fattet et råd hos seg selv i evigheten, og det fattet han i en fullkommen kjærlighet. I denne full-

komne kjærlighet var det at han forutbestemte oss til å få barnekår hos seg, og så har han gitt og skjenket alt som skal til for å virkelig gjøre det i sin Sønn Jesus Kristus.

Dette er Bibelens tale om Guds frelsesråd, og vi skal kanskje komme litt nærmere inn på det senere. Jeg vil bare understreke mens vi er inne på det alt nå at Gud har ikke forutbestemt noe menneske til å gå fortapt. All utvugelse gjelder frelsen, ikke fortapelsen. Jesus sier i Matt. 25 at fortapelsen er beredt for djevelen og hans engler. Når mennesker likevel kommer til å gå fortapt og havne der hvor det slett ikke er beredt for dem, kommer det av at Guds utvugende nåde ikke fikk tak i dem. Men det er en side ved saken vi skal komme tilbake til senere. Jeg ville bare ha nevnt den i denne sammenheng.

Altså Guds frelse beror ikke på noe som han måtte gjøre, den beror på en fri kjærlighet, og det viser hvor stort det er. Altså i Gud er alt fullkommen harmoni. Det er Guds egenskaper når vi taler om Gud i hans Opphøyethet.

Men så møter vi Gud som en almeiktig Gud, en allestedts nærværende Gud, det betyr at Gud har makt over tid og rom. Allmakt betyr egentlig at Gud kan hva han vil. Almaktens kjennetegn er nettopp at han kan hva han vil, og det er bare en som kan hva han vil og det er Gud den almektige. Derfor er det så interessant å se at nettopp slik ble Jesus påkalt av en spedalsk. Den spedalske sier til Jesus : Herre, om du vil så kan du rense meg. Rent spontant, umiddelbart påkaller denne spedalske Jesus slik som et menneske bare har rett til å påkalle Gud. Og Jesus tar imot denne påkallelsen, for han svarer : Jeg vil, bli ren ! Gud har makt til å gjøre hva han vil, men han er også suveren over tid og rom — det er det vi mener med alle steds nærvær. Han er suveren over tid og rom, det eksisterer hverken tid eller rom for Gud.. Det er noe som eksisterer for oss her i verden, under de forhold vi nå lever. Og vi

kan ikke tenke oss en tilværelse uten tid og rom, for den kjenner vi ikke. Men Gud kjenner den. Og dette har meget stor betydning for å forstå kristne sannheter som vi siden kommer til. Nå skal vi ikke si meget om Guds egenskaper, det er bare to vi skal nevne spesielt. Den ene er Guds hellighet, den andre er Guds frelsende kjærighet.

Guds hellighet er at han ikke kan forlikes med synd. Guds hellighet er at intet urent kan bli stående for hans ansikt. Det menneske som kommer ansikt til ansikt med Guds hellighet kjenner øyeblikkelig at det er fortapt. Guds hellighet er noe meget mer enn hans rettferdighet. Et menneske kan tenke på Guds rettferdighet uten å kjenne seg fortapt, men han kan ikke stå ansikt til ansikt med Guds hellighet uten at han øyeblikkelig kjenner seg fortapt. Og med hellighet føl-

ler vrede over synden, straff for å synde. Helligheten er Guds reaksjon imot synden. En kunne nøyere si at den er Guds evige kjærighets reaksjon imot synden. Guds helighet viser at Gud er fullkommen.

Ut fra den er det loven er åpenbart. Alt som avslører synd, alt som krever noe av oss, alt dette springer ut fra Guds hellighet. Og vi leser da også i 2. Moseb. og i 5. Moseb., spesielt de steder hvor det er tale om lovens åpenbaring, at loven er grunnlagt på Guds hellighet. Jeg, Herren din Gud, er en hellig Gud, slik begynner det. Og så kommer da lovens bud. Disse bud skal vi få lov til å komme tilbake til senere.

Den andre store Guds egenskap, det er Guds frelsende kjærighet. Og den skal vi se litt nermere på i vår neste leksjon.

Det femte bodet

Det femte bodet lyder slik : *Du skal ikke slå i hel!* (2. Moseb. 20, 13).

Dette bodet har Gud sett til vern om vårt liv. Har du nokon gong tenkt over korleis det hadde vore om ikkje Gud hadde gitt dette bodet? Slike tider hadde dei som levde i landet vårt før Guds ord nådde vårt folk.

Det er Gud som har gitt oss livet (1. Tim. 6, 13), og han er den einaste som har rett til å ta det att. Derfor har Gud sett dødsstraff for den som tek eit menneske sitt liv. «Den som slår ein mann så han dør, han skal lata livet» (2. Moseb. 21, 12). Liv for liv, auga for auga, tonn for tonn, hand for hand, fot for fot o.s.v., slik talar den heilage og rettferdige Gud (2. Moseb. 21, 23-fg.) Dette ordet skulle vel vera noko å tenkja på for dei som seier at Gud er urettferdig.

Livet er vel det kjæraste av det eit menneske har fått. Satan seier til Gud i Job 2, 4

at ein mann gir gjerne alt det han eig, berre han kan berga livet, og det hender at jamvel han seier sant. Tenk over korleis det ville vera å leva her på jorda om ikkje Gud hadde gitt dette vern om livet. Då var vi dømt til å leva i stadig frykt for livet, på same måte som villdyra lever.

Kva forbry det femte bodet?

Det forbry å ta eller forkorta andres og ei-ge liv, same kva måte det så kan bli gjort på. Anten det blir gjort med vold, med list — som t.d. gift eller liknande midlar, såkalla «barmhjertighets drap,» og å ta sitt eige liv. Guds ord og bod forbry også å ta liv i mors liv, fosterdrap. Når samfunnet arbeider for å få gjort fosterdrap lovlege, anten det så er på såkalla medesinske eller sosiale grunnar, så er det synd og brot på Guds ord og bod. Synd er lovbro, seier Guds ord. Og fylgjene ute-

blir ikkje, anten det gjeld det einskilde menneske eller samfunnet, for Gud står bak sitt ord og vakjer over ordet sitt så han set i verk det han har sagt.

For det første vil det føra den som syndar her inn i mordaren sine tunge kår. Samvitet kjem i konflikt med Guds ord og Ande, og kjem inn i angst og samvitskvaler som er tunge å bera og gjennomleva, og som i mange tilfelle fører til nevrose og ei nedbroten helse. Les kva David vitnar om dette i salme 32, 3—4 og Salme 51. Han talar av erfaring. Skulle du som les dette vera ein av dei mange som lid under denne synda, då vil eg ber deg gå same veien som David gjekk (Sjå Salme 32, 5). Jesus kan også frelsa deg frå di synd, for han har gitt sitt liv og blod for alle dine synder.

Eit samfunn som set seg ut over Guds ord og bod og gjer synda lovleg og anerkjent, kan ikkje gjera Guds ord og bod til inkjes. Dei dreg Guds vreide og dom over seg sjølv og sitt folk. Herren sa til Kain, den første som tok liv, at blodet åt bror din ropar til meg frå jorda! Og nå skal du vera banlyst frå den jorda som let opp sin munn og tok imot blodet åt bror din av di hand (1. Moseb. 4, 11-fg.) Guds ord seier at Herren er den same idag som igår og han blir det til evig tid. Gud forandrar ikkje syn med tida som menneske gjer. Mordaren kan unfly Gud og skyta oppgjørda med Gud ut livet til endes, men ein dag lyt han møta den heilage og rettferdige domaren. Tenk om du hadde vit til å ta oppgjørda her i livet, ved nádestolen hjå Jesus.

Til deg som er i freisting på dette område hadde eg hug å nå med eit råd: Lyd ikkje på verda sine falske profetar og deira lokkande argument, for det vil du trega heile livet, og om du ikkje blir frelst også i all æva. Hald deg til Herrens ord, og legg di nød fram for Jesus, for han seier: Kalla på meg på nødens dag, og eg skal utfri deg, og du skal prisa meg (Salme 50).

Ein annan måte til å ta eige og andres liv på, er ved giftige stoffer som nikotin, alkohol, og dei mange narkotiske stoffer som vår tid er så rik på.

Narkotika-heien og andre som sel slike stoffer for ussel vinning skuld, han er ein mordar som har mange liv på samvitet. Dei lurer og lokkar vår ungdom inn i ein langsom og pinefull død. Samfunnet burde setja og fullbyrda den straff som Gud set for slik synd — *dødsstraff*. Då ville dei spara mange tragedier og liv, og seg sjølv frå å koma under Guds vreide.

Den som brukar slike midlar, han forkortar og i mange tilfelle tek sitt eige liv, så han blir ein sjølvmordar for Gud.

Når overfall, vold, voldtekts og drap, og narkotiske midler tek overhand og trugar med å øydeleggje ein stor del av vår ungdom, så er det ein fylgle av samfunnet sin liberale lovgivning, at respekte og agen for Gud og hans ord og lov blir nedbroten i oppsedinga i heim og skule, ved pressa, film, litteratur, radio, fjernsyn og liknande massemedia. Dei som arbeider der tek på seg eit tungt ansvar og ein fryktelig dom. Like eins dei som Gud har gitt styrande og lovgivande makt i storting, kommune og andre instansar. Kom ihug at det er ikkje folkemeininga, som avgjer kva som er lov og rett, kva som er synd og straffbart. Det er Guds ord og lov slik me har fått det i skrifta, som er rettesnor for den einskilde og for samfunnet sin lovgivning og straff. Di meir den humanistiske ånd får liberalisera vår lovgivning, di meir tek synda overhand. *Vakna opp og vend om*, før det er forseint for deg og ditt folk!

I Matt. 5 ser me at Jesus sidestiller det å vera vond på bror sin utan grunn, med det å slå ihel. Drap tek alltid til i hjarta, ved vrede, som hevn, ved misunning eller for å eigne til seg andres egiedom o.l., før det blir utført i handling. Tenk om all den vreide og alle dei tankar du har tenkt i hjarta, som barn og som voksen, hadde blitt fullført i handling.

Då hadde du vore både fader og moder mordar, og både syskjen og kameratar og veninner hadde fått ein tragisk ende for di hand. Kor taknemleg du bør vera for alle dei ting som heldt deg att, som agen for Gud og hans lov, for samfunnet sine lover, for mor og far og andre fyresette som har lært og rettleida deg.

Men for Gud er synda i hjarta like mykje synd og skuldig til dom, som synda i handling, for Gud ser til hjarta. Den som er utan synd, han kan kasta den første steinen, sa Jesus til dei som dømde kvenna som var gripen i hor. Det står at alle gjekk, dei eldste først. Eit vitnemål om at ingen er utan synd og skuld. Slik er det nok også når det gjeld det femte bodet, me er alle mordarar for Gud som ser ti i hjarta. Hjarta si synd er sjølv synda for Gud, og det andre er synda sine utslag eller frukter. *All synd kjem innafrå frå hjarta, seier Jesus.*

Det femte bodet er git tfor å halda syndaren

i varetekts, slik at synda i hjarta blir halden i tage og ikkje får lov å ta liv. Her har Guds ord til Kain noko å læra oss : «Og Herren såg blidt til Abel og gava hans, men ansa ikkje Kai og hans gava. Då vart Kain brennande harm, og såg nedfyre seg. Og Herren sa til Kain : Kvi er du harm, og kvi stend du og stirrer nedfyre deg? Har du godt i tankar, kan du ikkje då lyfta opp augo? Men har du ikke godt i tankar, så legg synda for døra og lurer. Ho trår etter deg, men du lyt halda henne i age.

Agen for Gud og hans ord, frykta for Gud eller kjærleiken til Gud, er det beste middel til å verna oss frå at synda tek overhand så me fører oss sjølv og andre i ulukka. Likeeins er respekten og agen for landet sine lover også eit godt vern. Der respekten og agen for Guds ord og lov og rett blir nedriven, der har Satan og synda open veg til å herja det einskilde menneskeliv og samfunnet.

A. L.

Å leva i rett forhold til Gud

Av Odd Dyrøy

Mange menneske vil ikkje bry sin tanke med dette så viktige emne. Men for andre er det kanskje dette som plagar dei både dag og natt. Du tenkjer at alt var godt, om du berre visste om du står i rett forhold til Gud. Er du ein av disse siste, då er først å seia : Dette er virka av Gud, og hans Ande talar til deg. Han har virka dette av di han vil ha deg til sitt barn, ved å frelsa deg.

Men skal du finna rett svar i denne sak, så kan du ikkje venda deg til mennesktanken eller til menneskeleg visdom — for menneske er forblinda av denne verda sin Gud, formørka i sin tanke og framande for livet i Gud. Difor vil vi venda oss til Guds ord. Or-

det er det einaste som kan visa oss rett veg og leid !

Det naturlege menneske sitt forhold til Gud.

Kva seier så Skrifta om vårt forhold til Gud, som naturlege og ufrelste menneske? *Alle for me vilt som sauher, me vende oss kvar sin veg* (Esa. 53, 6). Herren ser ned frå himmelen på manneborna og vil sjå om der finst nokon vitug, nokon som sokjer Gud. Dei er alle avvikne, dei er utskjemde alle saman. Det finst ingen som gjer godt, det finst ikkje ein einaste (Salme 14, 2—3). Alle menneske laut døy av di den eine fall. Ein manns fall

blei til fordøming for alle menneske (Rom. 5.) Her blir kvar munn lukka og kvar sjel skyldig for Gud. Av orda her ser vi at menneske står i eit forhold til Gud som lukkar alt håp ute. Det som er født av kjøt, det er kjøt, og ikkje noko kjøt kan arva Guds rike, seier Ordet. Og det svære er at vi elskar dette og vil leva i dette forholdet. På samme tid så står vi også heilt hjelpelause om vi vil ut av det. For Guds krav er så høgt over det vi kan greida som himmelen er høgare enn jorda. Ville du av hjarta prøva å koma på god fot med Guds ord og vilje, då skulle du snart bli overtyda om det.

Nå kjem vi til det avgjerande i forholdet til Gud : Å gi Gud rett når han taler. Dei aller fleste går bort med domen i hjarta og vantrua sin skugge i auga. Ulukkelege menneskebarn, du er vel ikkje ein av dei ?

Eg ber deg at du må stansa opp og gi Gud rett i hjarta, for Gud og hans ord har alltid rett. Gjer du ikkje det, då vil domen nå deg, og ingen kan frelsa deg.

Korleis koma i rett forhold til Gud?

Mange prøver å hjelpe til i denne sak. Men her gjeld berre det Ordet seier, og om hjelpa du finn stemmer med Skrifta. Tru ikkje all velmeint tale i ei så viktig sak, for du kan bli ført vill. Då blir det siste verre enn det første.

Kva seier så skrifta? All din vilje, all din innsats, alle dine tårer og bøner, all din kunnskap og gjerning er duglaus. Ja, endå til di bøn om hjelp til å gi deg heilt over til Gud. I skrifta er tala mange straffande ord om ulydna, og om den som ikkje hjelper sine medmenneske, og det med rette. Men om du hadde mykje meir av lydna og det å hjelpe dine medmenneske, så blir det likevel alt for lite overfor Gud.

Er det då galt at folk vil venda om og gjera godt? Nei, langt ifrå, men det forandrar ikkje ditt forhold til Gud. Så lenge du vil ordna di sak på denne veg, kor lokkande og gyllen

den ser ut, vil du aldri nå fram !

Sjølv om denne vegen blir godkjent av både læg og lerd. Høyre : *Skrifta har stengt alt inn under synd* (Galt. 3, 22). Då er du kommen til veg ende, og ikkje før. *Sjå det som var lova, skulle ved tru på Jesus Kristus, bli gitt dei som trur* (Gal. 3, 22). Om ditt forhold til Gud skal bli i orden, så måtte ein annan ordna det for deg. Jesus, Guds eigen Son, har ordna det i staden for deg. Sidan du ikkje kunne bringa forliket i stand, så måtte Gud gjera det. Gud var i Kristus og forlikte verda med seg sjølv (2. Kor. 5, 19). *Derfor er Jesus Kristus den einaste vegen som fører til rett forhold til Gud.* Så står det skrive.

Men før trua kom, blei me haldne innstengde i varetekts under lova til den trua kom som skulle openberrast. Jesus var alltid lydig mot fars ord, og gjorde det han ville i alle ting. Han levde i rett forhold til Gud og sine medmenneske i alle ting. Ser du at dette gjorde han for deg? Eit slikt hjarta og ein slik lydnad måtte du ha for å leva i rett forhold til Gud.

Har så dette Jesu verk og liv for deg blitt openberra for hjarta ditt? Eller vandrar du ennå om på dine eigne og andre sine sjøvlaga vegar? Kristus er enden på lova, til rettferd for kvar den som trur på han ! (Rom. 10, 4). Eg er vegen, sanninga oglivet, sa Jesus. Lever du her, då er du i rett forhold til Gud, hans ord og hans vilje. Sjølv om hjarta fordømer deg og djevelen seier «du er ikke så at nåden i Kristus deig tilhøre må».

Når det blir spørsmål om ditt forhold til Gud, er ikkje det avgjerande når du blei omvend, heller ikkje om du blei glad, om dei andre kristne tok imot deg og anerkjende deg, eller om du står i ein anerkjent kristenflokk og arbeid i Guds rike. Nei, her er det berre ein ting som tel. Det Jesus er for deg og har gjort for deg. «Hva Jesus meg har givet, gjør meg for Gud så kjær». Jesus har ordna di sak for Gud, og git tdeg alt av nåde. Jesus har levtt livet her på jorda i din stad, og

Den store hemmelighet åpenbaret

Kom som du er !

«Var det gitt noen lov som kunne gjøre le-
vende, da kom virkelig rettferdigheten av lo-
ven» (Galat. 3, 21).

En lærer i Sverige skrev i sin tid noe som er lærerikt også for oss : «Jeg har alltid tenkt at grunnen til at jeg ikke fikk fred med Gud, var den at jeg manglet alvor, oppriktighet o.s.v. Jeg innså ikke lovens hensigt. Jeg forsto ikke at det var dens mål å døde og for-
fordømme meg, men jeg trodde at jo mer jeg øvde meg i bønn og alle slags gode gjernin-
ger, desto mer liv, kjærlighet og fred skulle jeg få.

Jeg trodde at omvendelsen er en forbedring i hjertet som jeg selv kunne gjøre ved Guds hjelp, og ikke en overbevisning om fortap-
else og død. Jeg så ikke at nåden hverken kan eller vil oppbygge en synder som ennå håper på seg selv. Men her vil den bryte ned, og siden gi ham liv. Jeg kunne ikke forstå at en kaller det egenrettferdighet at en vil forbedre seg ved Guds nådes hjelp. Men nå ser jeg at da ville jeg blitt min egen lyk-
kes smed, ja, min egen frelser. Jo flittigere en arbeider, desto mer skal selvforbedringen lykkes. En er selv byggmester. Gud skal

han lever det i himmelen. *I han* er ditt for-
hold til Gud ordna. På Golgata ropa han :
Det er fullført!

Berre det hjarta som lever i trua på dette av Jesus fullførte verk, lever i rett forhold til Gud. Alle andre trør Guds Sons blod under føter, og vanvyrder nådens Ande, og lever dermed i urett forhold til Guds frelse.

«Ja blodet som rann, det har runnet for deg. Og Gud den forløsning antager. Det gjelder for alle, for deg som for meg, skjønt tusene synder oss plager. Dets verd er dog evig det samme».

bare skaffe fram forskjellige materialer. Det er jo lett å se at alt dette går ut på å redde sin egen ære, ja, en handler akkurat slik som det står i Gal. 2, 21 : - «En kan akte Guds nåde for intet

Jeg trodde at Gud ved min bønn og mine tårer skulle beveges til å vere nådig, og forsto ikke at Guds hjerte er fylt av kjærlighet, at alt er rede og at han bare venter på at vi skal komme og ta imot hans nåde. Jeg så ikke at omvendelsen behøves bare for min skyld — forat jeg skulle bli beveget til å ta imot den nåde som allerede er vunnet for meg.

Jeg så til slutt at jeg hadde søkt etter lyset i mitt eget hjerte. Istedentfor å høre hva Gud sa i evangeliet, sökte jeg etter følelser og vitnesbyrd i mitt indre. Derfor hadde jeg bare fred så lenge som jeg følte det godt.

Men lovet vere Gud ! Jeg fikk se at jeg kunne komme akkurat slik som jeg var. Min Frelser hadde vunnet en rettferdkledning for meg som kan stå for Gud uten at jeg setter en eneste klut på den. Da jeg så dette, ble det min største synd å sette nye kluter på denne skinnende rettferdkledning, og jeg skammet meg over at jeg hadde stjålet ære fra ham — gjort Kristus til intet og meg selv stor.

Ingen forstår hvilken dyp vantro det ligger i det at man forsøker å forbedre seg før man tar i mot nåden. Essias sier jo : «Kom, kjøp og et, ja, kom, kjøp uten penger og uten betaling vin og melk !» (Esa. 55, 1) Legg merke til hva pengene heter : *Intet !* Og intet er intet ! «For er det av nåde, da er det ikke av gjerninger. Ellers blir nåden ikke mer nåde» (Rom. 11, 6).

Troen er det hellige liv

Læreren skriver videre : «I omvendelsen opplever jeg at jeg mangler alt. Kristus har gitt meg alt — jeg som er fortapt og for-

Far! » (Rom. 8, 15—16).

Den fyrkt og beven som Paulus taler om, er den en kristen kjenner fordi han har skatter i lerkar, og går gjennom et land som er fylt av fiender og røvere. Når en er i en slik stilling, mener Paulus at en må være selv-sikker, men vandrer varsomt av frykt for fiendene. Vi må ikke tro at en kristen er utlært i dette, så at han alltid er viss og glad i sin tro. Nei, den tro som ikke blir anfektet, er sannelig ikke rett.

Alt det som flyter av troen, er helliggjørelse. Selv ser jeg riktignok bare synd og vanhellighet i hele mitt liv. Men Skriften sier at Gud renser våre hjerter ved troen. Videre sier han : «Var det ved lovgjerninger I tok imot Ånden, eller var det ved troens forkynnelse?» — Så spør vi med den samme apostel : «Opphever vi da loven ved troen? Langt derifrå! vi stadfester loven.»

C. O. Rosenius

Fra veileding til Fred

BIBELKURS

På Avaldsnes blir det skipa til eit bibelkurs frå lørdag 22. januar 1972 til og med søndag 30. januar.

Talarar blir Ole Brandal, Gudm. Hjorthaug og Amund Lid.

Send innmelding til Amund Lid før 10. januar. Tilreisende blir inkvartert og får kosten hjå venner på staden, og bibeltmiane blir i bedehuset kl. 11,00, 18,00 og 20,00.

Brandal : Romerbrevet. Hjorthaug : Efeserbrevet, og Lid : Galaterbrevet.

Unge og eldre er hjartelig velkommen til å vera med.

Norsk Luth. Lekmannsmisjon.

Redaksjonen av bladet vil rette ein hjartelig takk til alle som har vore med og halde bladet oppe økonomisk, og til dei som har hjelpt til med stoff. Me ynskjer dykk og alle som les bladet ei av Gud velsigna julehelg.

Red.

dømt — og vil at jeg skal ta imot gaven. Vår kjære Frelser forkynner en fri og ubetinget nåde for syndere uten lovens hjelp, så at den som vil, kan tilegne seg alt dette.

For han har tatt bort våre synder og kastet dem i haves dyp (Mika 7, 19) Ja, våre synder er gjemt og glemt av Gud. Om vi leter etter dem, skal vi ikke finne dem (Jerem. 50, 20). Derfor burde hver trell som hører dette, ta imot nåden.

Da denne hemmelighet gikk opp for meg, ble jeg så glad at jeg ikke kan forklare det. Fengslet ble åpnet og lenkene falt av mine føtter. Ja, halsbandet falt også av meg (Esa. 52, 2), d.v.s. mine gode forsetter, og i stedet fikk jeg lyst til Guds veier. Jeg kan ikke se det på annen måte enn at det er en oppfyllelse av Paulus ord : «Men nå er vi løst fra loven, idet vi er død fra det som vi var fanget under, så vi tjener i Åndens nye vesen, og ikke i bokstavens gamle vesen» (Rom. 7, 6)

Ennå står synden, loven, kjødet, verden og djevelen imot meg, så jeg må kjempe for troen, holde meg mandig, sterkt, men — i Herren, for i meg selv er jeg svak.

Noen vil innvende : Skal man ikke arbeide på sin helliggjørelse med frykt og beven — Er det ikke kristelig rett å være i uvissheit om sin nådestand — er det ikke bare et tegn på åndens fattigdom ?

En skal merke seg at det sitterte ord av Paulus var skrevet til dem som allerede var troende. Til dem sier han at de må arbeide med beven på at de må nå målet for sin tro og få livets krone. Han mener slett ikke at de skal leve i uvissheit om de er Guds barn. Nei, om det sier han : «I fikk jo ikke treldomen ånd så I etter skulle frykte, men I fikk barnekårets ånd, ved hvilken vi roper : Abba,